

- Vi må bruke samferdslemidlane smartare



Erling Sande (Sp) er leiar for Transportkomiteen i Stortinget. Foto: Arve Solbakken

Som stortingspolitikar for regjeringa i posisjon, åtvare Erling Sande (Sp) mot overoppheting av økonomien og at offentleg pengebruk på tøylast i noverande situasjon.

Han var utfordra til å snakke om ferjeavløysingsordninga som kan utløyse realisering av brukryssinga over ytre Nordfjord. Sande viste til at regjeringa trass pandemi og krig i Europa, faktisk har fått jobba med viktige politiske saker på heimebane.

- Vi må vurdere storleiken på prosjekta og standarden på vegane. Vi treng vi tospors jernbane inn til dei store byane, men kor langt ut frå byane treng dei å gå? Treng vi så mykje motorveg med standard for 110-fartsgrense.? Det må målast opp mot at prosjekta tek mykje natur og matjord, påpeika han.

Han tok ein gjennomgang av korleis ferjeavløysingsordninga har utvikla seg over tid, etter at fylka måtte ta over store delar av vegnettet. Den fylkeskommunale

ferjeavløysingsordninga må forbeholdast, noko som inneber eit stort tverrpolitisk arbeid framover.

Reidar Sandal påpeika at det er stor motstand mot ferjeavløysingsordningar blant fagfolk i Finansdepartementet og i byråkratiet elles.

Erling Sande nemnde Atløy-sambandet som eksempel på at ordninga ikkje er god nok i dag.

På den andre sida har det kome resultat frå forskning på effektane av fjordkryssingar og fastlandssamband som er oppløftande.

– Det er eit ordhell at; ja så fekk dei brua si og så flytta dei. Nyare forskning viser at i hovudsak er ikkje dette rett. Slike samband bidreg til ei positiv utvikling i lokalsamfunna. Trafikkveksten er stort sett høgare enn den som vart lagt til grunn då prosjektet vart lansert.